

Åpning av det 160. storting

President: Ole M ic Thom m e s s e n

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg fredag den 2. oktober kl. 13 i stortingssalen, ledsaget av regjeringens medlemmer og en prosisjon av sivile og militære embetsmenn.

Forsamlingen sang første vers av «Kongesangen».

Hans Majestet Kongens tale til det 160. storting ved dets åpning:

Ærede President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfullt arbeid og ønsker at det må bli til gagn for fedrelandet.

Mange mennesker er nå på flukt på vårt eget kontinent. Noen har søkt frihet og trygghet i vårt land. Regjeringen vil ta imot flyktingene på en god måte. Utlendingsmyndighetene, frivillige organisasjoner og enkeltmennesker gjør en uvurderlig innsats.

En rask økning i antallet asylsøkere vil være utfordrende også for Norge. Regjeringen har fremmet en proposisjon om tilleggsbevilgninger for å håndtere situasjonen, og ber om rask behandling av denne.

Regjeringen har tatt initiativ til en giverlandskonferanse for flyktingene i Syria og i nærområdene. Manglende tilgang på mat, skolegang og grunnleggende helsetilbud er en viktig årsak til at så mange risikerer livet i skjøre farkoster over åpent hav. Regjeringen vil fortsette innsatsen for å redde liv i Middelhavet.

Situasjonen krever felles europeiske løsninger. Norge er ikke medlem av EU. Som del av Schengen- og Dublin-samarbeidet følger regjeringen EUs drøftelser tett, og vi vil delta i flere av de initiativene som nå tas. Norge skal ta sin del av ansvaret. Mange har opp gjennom historien stilt opp for oss nordmenn da vi trengte en hjelpende hånd. Nå er det vi som må stille opp for mennesker i nød.

Europas sikkerhetspolitiske situasjon er endret. I øst skaper Russlands folkerettsbrudd i Ukraina og opptreden i regionen usikkerhet. I sør utfordres Europas sikkerhet av den forverrede situasjonen i Midtøsten og Nord-Afrika. Medlemskapet i NATO er ankerfestet i Norges sikkerhetspolitikk. Det er nødvendig å tilpasse Forsvaret til vår tids trusler og utfordringer. Regjeringen vil fortsette arbeidet med å styrke Forsvarets operative evne og vil legge frem en ny langtidsplan for forsvarssektoren.

Utviklingen ute påvirker trusselbildet nasjonalt. Regjeringen vil arbeide for styrket sikkerhet og beredskap. Politiets kapasitet og kompetanse skal styrkes. Det skal øves mer, og flere skal bli trent for å håndtere terror og alvorlige hendelser. Forebygging og innsats mot radikaliserings og voldelig ekstremisme forblir viktig.

Det å løse konfliktene som driver mennesker på flukt, er blant vår tids største utfordringer. I tillegg kommer bekjempelse av fattigdom og globale klimaendringer. 2015 vil representere et vendepunkt for det globale klimasamar-

beidet. Regjeringen har løftet ambisjonene både nasjonalt og internasjonalt. Norge vil gjøre sin del av jobben for å bidra til en mest mulig ambisiøs og effektiv klimaavtale i Paris.

Det er arbeid som har skapt vårt samfunn. Det er vår felles arbeidsinnsats og arbeidsinnsatsen til generasjonene før oss som har skapt det Norge vi alle er stolte av. Fordi så mange er i arbeid, har vårt samfunn rygg til å bære dem som står utenfor arbeidslivet. Gjennom å arbeide bidrar vi til fellesskapet. Arbeid gir også den enkelte mulighet til å realisere egne drømmer og å skape trygghet for sin familie, uavhengig av bakgrunn.

Høy sysselsetting og lav ledighet er grunnmuren i den norske modellen. I år er det 50 år siden petroleumsvirksomheten startet på norsk sokkel og innledet en tid med vekst og økt sysselsetting. Store petroleumsinntekter og høy produktivitet i fastlandsøkonomien har gjort det mulig å bygge ut velferden mer enn i andre land. Vi har også spart til fremtidige generasjoner. Få land har fått slike muligheter. Og knapt noen har klart å omskape midlertidige inntekter til varige verdier.

Etter 2005 har veksten i produktivitet vært lavere enn vi har vært vant til. Oljeaktiviteten har samtidig presset kostnader opp og fortrent mindre lønnsomme næringer og arbeidsplasser. Norsk oljenæring vil fortsatt være viktig, men mye tyder på at det er andre næringer og nye arbeidsplasser som må løfte vårt samfunn videre i fremtiden. Det må legges til rette for disse arbeidsplassene i privat konkurranseutsatt sektor. Dette er den langsiktige omstillingen vi står overfor.

I fjorårets trontale fremhevet regjeringen at den største trusselen for den norske modellen er at vi ikke klarer å omstille oss i tide. Selv om vi har oppnådd mye, har vårt samfunn over tid ikke investert nok i infrastruktur, kunnskap, forskning og innovasjon. Regjeringen vil prioritere tiltak som bidrar til den langsiktige omstillingen. Fallet i oljeprisen har gjort at omstillingen må skje raskere enn vi kunne håpet på. Flere opplever nå større usikkerhet om sin jobb og sin inntekt. Det blir nå viktig å håndtere den langsiktige omstillingen og den kortsiktige usikkerheten samtidig. Løsninger som kan redusere arbeidsledighet på kort sikt, kan skape mer ledighet på lang sikt dersom arbeidskraft låses inne og omstilling uteblir. Løsninger som kan fremskynde omstilling, kan føre til at for mange går arbeidsledige for lenge. Regjeringen vil føre en politikk som bidrar til høy verdiskaping og lav arbeidsledighet både på kort og på lang sikt.

Det å stå uten arbeid er alvorlig for den det rammer. Det offentlige apparatet er beredt til å bistå dem som har blitt arbeidsledige, over i nye jobber. Situasjonen for ungdom og andre utsatte grupper følges nøye. Ungdom prioriteres ved inntak på arbeidsmarkedstiltak.

Årene med omstilling kan bli krevende for Norge, men vårt utgangspunkt er godt. Vi har en godt utdannet befolkning, høy teknologisk kompetanse, jevn fordeling og rike naturressurser. Lav rente og svakere krone bidrar til å dempe effektene av redusert oljeaktivitet. Vi har parter i arbeidslivet som tar samfunnsansvar. Innsatsen innen in-

frastruktur, forskning, utdanning og innovasjon trappes nå opp.

Budsjettet for 2015 gir et vesentlig bidrag til innenlandsk etterspørsel etter varer og tjenester. Dermed motvirkes arbeidsledighet. Regjeringen vil fremme et budsjettforslag for arbeid, aktivitet og omstilling. Skattesystemet skal innrettes slik at det i større grad bidrar til vekst og verdiskaping. Bedre infrastruktur bidrar til å redusere næringslivets kostnader. Regjeringen vil arbeide for å redusere vedlikeholdsetterslepet og realisere nye prosjekter.

Regjeringen vil at norske elever skal få et bedre utbytte av opplæringen. Ny realfagsstrategi og en lese- og skrivestrategi skal gi bedre motivasjon, læring og resultater.

Arbeidet med en stortingsmelding om livslang læring og utenforskap er startet opp.

Regjeringen vil følge opp langtidsplanen for forskning og høyere utdanning.

Fagskoleutdanning er viktig for å møte nye krav i arbeidslivet. Regjeringen vil legge frem en stortingsmelding om fagskoler.

Regjeringen vil legge frem en bioøkonomistrategi som et ledd i omstilling i næringslivet og som del av det grønne skiftet.

Regjeringen vil legge til rette for verdiskaping gjennom å forenkle utmarksforvaltningen og styrke kommunenes ansvar.

Tildeling av leteareal, innenfor miljømessig forsvarlige rammer, vil bidra til langsiktig verdiskaping på sokkelen. Johan Sverdrup-feltet er blant de største industriprosjektene i Norge noensinne. Utbyggingen vil medføre betydelige inntekter og sysselsetting.

Regjeringen vil legge frem en stortingsmelding hvor energiforsyning, klimautfordringer og næringsutvikling ses i sammenheng. Regjeringen vil styrke Fondet for klima, fornybar energi og energiomlegging. Støtte til ny energi- og klimateknologi skal gjøre Norge til et attraktivt land å investere i.

Kreativitet er en driver for innovasjon. Regjeringen vil legge til rette for verdiskaping og sysselsetting i kulturelle og kreative næringer og for at større deler av verdikjeden kan forbli i Norge.

Høy verdiskaping og høy sysselsetting gjør det mulig å utvikle velferdsordningene våre videre. Det mener regjeringen at det er behov og grunnlag for. Det er fortsatt for mange som ikke fanges opp av det sosiale sikkerhetsnettet, for mange barn som vokser opp uten trygge omgivelser eller uten de muligheter barn flest nyter godt av, og for mange som venter unødvendig lenge på nødvendig helsehjelp.

Regjeringen vil fremme en rekke saker for å styrke velferdsordningene.

Regjeringen vil fremme en opptrappingsplan for rusfeltet for perioden 2016–2020.

Det tas sikte på å legge frem Demensplan 2020 i løpet av året.

Regjeringen vil lovfeste retten til heldøgns pleie og omsorg og gjennomføre et forsøk med statlig finansiering av omsorgstjenestene.

Regjeringen vil lage en plan for et kompetanseløft for den kommunale helse- og omsorgstjenesten.

Regjeringen vil styrke kompetansen i det psykiske helsearbeidet gjennom å øke antallet psykologer i kommunene.

De vedtatte pasientrettighetene knyttet til ordningen fritt behandlingsvalg skal iverksettes.

Regjeringen vil videreutvikle hjelpemiddelpolitikken.

Regjeringen vil gi utsatte barn mer likeverdige muligheter og følge opp strategien mot barnefattigdom.

I 2016 vil regjeringen sette i gang forsøk med økt kommunalt ansvar for barnevern.

Regjeringen vil legge frem en stortingsmelding om en bedre hverdag for fosterbarn og fosterfamilier.

Det offentlige kan gjøre mye, og har et hovedansvar. Samtidig er frivillig innsats uvurderlig for å inkludere mennesker som er ensomme, integrere nyankomne innvandrere, gi barn en god oppvekst og gi flere eldre en meningsfull hverdag. Den store frivillige innsatsen, alt det vi gjør for våre medmennesker, er noe av det flotteste ved vårt samfunn. Regjeringen vil støtte opp om dette.

Regjeringen ser frem til et godt samarbeid med Stortinget.

I kommende periode vil regjeringen særlig arbeide for å opprettholde høy sysselsetting og verdiskaping, fremme omstilling og styrke det sosiale sikkerhetsnettet og for at Norge skal ta sin del av ansvaret for de store globale utfordringene.

Jeg ber Gud velsigne Stortingets arbeid, og erklærer Norges 160. storting for åpnet.

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Torbjørn Røe Isaksen

I samsvar med Grunnlova gir Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs tilstand og styring i tida etter siste melding.

Brutto nasjonalprodukt for Fastlands-Noreg auka med 2,2 pst. i fjor. Veksten var med det litt lågare enn gjennomsnittet for dei siste 40 åra. Oljeprisen er halvert sidan i fjor sommar. Det reduserer Noregs inntekter frå petroleumsverksemda. Investeringane og sysselsetjinga i petroleumssektoren har gått ned det siste året. Det trekkjer ned veksten i fastlandsøkonomien. Noregs Bank har sett ned renta til eit rekordlågt nivå. Den norske krona har svekt seg kraftig og var i starten av september i år nesten 15 pst. svakare enn i same månad i fjor. Saman med eit moderat inntektsoppgjær betrar det konkurranseevna til norske bedrifter.

Finanspolitikken bidreg betydeleg til å auke etterspørselen i økonomien. I revidert nasjonalbudsjett 2015 la regjeringa opp til ein bruk av olje- og fondsinntekter, målt ved det strukturelle, oljekorrigerte budsjettunderskotet, på 168,8 mrd. kr. Det tilsvarer 2,6 pst. av verdien av Statens pensjonsfond utland ved inngangen til 2015.

Regjeringa legg vekt på å styrkje vekstevna i norsk økonomi. Derfor aukar regjeringa satsinga på samferdsel, kunnskap og innovasjon og reduserer skattane.

Regjeringa arbeider med å følgje opp utgreiinga frå

Skatteutvalet med sikte på å gjere skattesystemet meir vekstfremmande og betre tilpassa den globaliserte økonomien. Grøn skattekommissjon greier ut korleis ei grøn skatteomlegging kan gi lågare utslepp av klimagassar, betre miljø og ei god økonomisk utvikling.

Petroleumssektoren er ei viktig næring for Noreg. Verdiskapinga i sektoren utgjer rundt 20 pst. av Noregs brutto nasjonalprodukt. Ein betydeleg redusert oljepris har bidrege til lågare investeringsnivå og etterspørsel frå næringsa. Netto kontantstraum til staten frå petroleumsverksemda var på 312 mrd. kr i 2014.

Situasjonen på arbeidsmarknaden er noko svekt det siste året. Sjølv om talet på sysselsette har halde fram med å vekse, har arbeidsløysa auka. Arbeidsløysa målt ved arbeidskraftundersøkinga til Statistisk sentralbyrå var i juni 4,5 pst. Den registrerte arbeidsløysa har auka noko mindre. Betydelege omstillingar i oljerelatert næringsverksemd har gitt ein særleg stor auke i arbeidsløysa på Sør-Vestlandet og blant ingeniørar og konsulentar. I åtte fylke er den registrerte arbeidsløysa lågare enn i august i fjor. Teikn til dempa arbeidsinnvandring kan ha samanheng med lågare etterspørsel etter arbeidskraft. Noreg er framleis blant landa i Europa med den aller lågaste arbeidsløysa.

Regjeringa fører vidare arbeidet med kommunereforma. Viktige mål er gode og likeverdige tenester i heile landet og eit styrkt lokaldemokrati. Over heile landet er kommunar no i gang med å vurdere kven dei skal slå seg saman med. Regjeringa vil la kommunane behalde ein større del av den lokale verdiskapinga og stimulere dei til å skape fleire arbeidsplassar.

Sikkerheit byggjer vi saman med andre. Fundamentet for norsk sikkerheitspolitikk er FN, folkeretten og samarbeidet i NATO.

Regjeringa fører vidare arbeidet med å styrkje den operative evna til Forsvaret. Regjeringa vil leggje fram ein ny langtidsplan for forsvarssektoren våren 2016.

Den sikkerheitspolitiske situasjonen i Europa knytt til konflikten i Ukraina gir framleis grunn til bekymring. For å bidra til reformering og modernisering av Ukraina har regjeringa lagt fram ein betydeleg støttepakke.

Det er store utfordringar knytte til kampen mot internasjonal terrorisme. Noreg har sendt militært personell som skal drive kapasitetsbygging av det irakiske forsvaret i kampen mot ISIL.

Nordområda er Noregs viktigaste utanrikspolitiske interesseområde. Det er viktig å oppretthalde Arktis som ein fredelig og stabil region.

Europa opplever no store utfordringar knytte til migrasjon. Noreg har bidrege til å styrkje operasjonsområdet og kapasiteten til EU-operasjonane Triton og Poseidon. Noreg gjer ein ekstraordinær innsats for å hjelpe den syriske befolkninga som er på flukt. Vi har i år løyvd 1 250 mill. kr til hovudsakleg humanitær respons på Syria-konflikten.

Samla kom det noko færre asylsøkjjarar til Noreg i 2014 enn i 2013. I 2014 reiste litt over 1 600 personar ut av Noreg gjennom støtteordningar med assistert retur. Nærmare 3 500 tidlegare asylsøkjjarar vart transporterte ut av politiet.

Regjeringa vil saman med kommunesektoren føre vida-

re arbeidet med rask og god busetjing og integrering av nye innbyggjarar i Noreg.

Regjeringa har starta eit prosjekt for å bidra til at arbeidet med ei reform av FN blir utvikla vidare. Medlemslanda i FN har nyleg lykkast i å bli einige om nye mål for berekraftig utvikling og utrydding av fattigdom for dei neste 15 åra.

Regjeringa har teke eit internasjonalt leiaransvar for å mobilisere meir politisk og økonomisk støtte til utdanning.

Forhandlingane om den nye avtalen mellom Noreg og EU om ramma for EØS-finansieringsordningane for perioden 2014–2021 vart avslutta 17. juli 2015.

I februar fremma regjeringa forslag om ei ny norsk utleppsforplikting for 2030. Stortinget slutta seg til, og som det tredje landet i verda sende Noreg inn sitt forslag til klimaforplikting til FNs klimakonvensjon. Forslaget inneber at Noreg vil ta på seg ei vilkårsbunden forplikting om minst 40 pst. utsleppsreduksjon i 2030 samanlikna med 1990. Regjeringa arbeider for ein avtale om felles oppfyl-ling med EU.

Regjeringa la i mars fram forslaget til reform av politiet – nærpolitireforma. Arbeidet med å setje reforma i verk startar i 2016 og kjem til å gå føre seg i fleire år framover.

Beredskapen er styrkt. Politiet har m.a. innført krav til responstid, og løyvingane til sikkerheitstenesta i politiet er samla auka med over 147 mill. kr sidan regjerings-skiftet.

Det er fastsett ein ny instruks for fylkesmennene sitt arbeid med samfunnsikkerheit og beredskap og ein ny organisasjonsplan for redningstenesta.

Regjeringa la i mars 2015 fram forslag om at straffelova frå 2005 skal setjast i kraft 1. oktober 2015.

I samband med revidert nasjonalbudsjett la regjeringa fram strategien «Barn som lever i fattigdom». Strategien inneheld tiltak for å lette situasjonen for barn og unge som veks opp i fattigdom. Det er viktig med tiltak som kan førebyggje at fattigdom går i arv.

Regjeringa la hausten 2014 fram den nye tiltaksplanen «Ein god barndom varer livet ut» med tiltak for å nedkjempe vald og seksuelle overgrep mot barn og ungdom.

Grunnlaget for ein god start på livet blir lagt i barnehagar med høg kvalitet. Regjeringa aukar satsinga på kompetanseheving. Regjeringa har også prioritert å gjere barnehagen rimelegare og meir tilgjengeleg for familiar med låg inntekt.

Over 5 000 lærarar har fått tilbod om vidareutdanning dette året. Realfagssatsinga er i gang gjennom oppretting av realfagskommunar og utvida tilbod i matematikk og naturfag i vidareutdanninga av lærarar.

For å fremme eit utdannings- og forskingssystem med høg kvalitet, sterke fagmiljø og sterke institusjonar har regjeringa fremma ei stortingsmelding om struktur i høgare utdanning og ein langtidsplan for forsking og høgare utdanning.

Det har vore satsa betydeleg på helsetenesta, og fleire får behandling. Om lag 1,9 millionar pasientar vart behandla ved somatiske sjukehus i 2014 – 2,4 pst. fleire enn året før. Målet om at veksten innanfor rusbehandling og

psykisk helsevern kvar for seg skal vere større enn veksten innanfor somatikk, er innført på nytt. Reforma fritt behandlingsval blir innført i spesialisthelsetenesta for å gi reduserte ventetider og større valfridom og for å stimulere offentlege sjukehus til å bli meir effektive.

Regjeringa innfører i 2015 pakkeforløp for kreftbehandling.

Regjeringa har lagt fram ei melding til Stortinget om framtidens primærhelseteneste. Meldinga handlar om korleis den kommunale helse- og omsorgstenesta kan utviklast for å møte utfordringar i dag og i framtida.

Regjeringa har lagt fram den første frivillighetserklæringa i Noreg.

Regjeringa la i mai 2015 fram ei stortingsmelding om ein framtidsretta filmpolitikk. I meldinga blir det føreslått omfattande endringar i filmpolitikken som kan medverke til gode ordningar både for publikum og for filmbransjen.

Regjeringa fører vidare arbeidet med å forenkla og modernisere landbruket. Gjennom jordbruksoppgjeret er det lagt til rette for auka matproduksjon, auka rekruttering og eit meir konkurransedyktig norsk landbruk.

Regjeringa vil ruste Noreg med eit effektivt og moderne transportsystem. Stortinget har m.a. slutta seg til forslaget frå regjeringa om å etablere eit utbyggingsselskap for veg, ei reform av jernbanesektoren, eit godt rammeverk for bruk av offentleg–privat samarbeid, OPS, og ei effektivisering av bompengeinnkrevjinga. Arbeidet med auka trafikksikkerheit har høg prioritet.

Noreg er den nest største eksportøren av sjømat i verda, og eksporterte i 2014 sjømat til ein verdi av 68,8 mrd. kr til over 140 land.

Regjeringa har styrkt satsinga på næringsretta innovasjon, m.a. gjennom program i Noregs forskingsråd og Innovasjon Noreg. Dette er program som bidreg til at breidda av næringslivet styrkjer investeringane sine i kunnskap, forskning og innovasjon.

Regjeringa har gjennomført ei rekkje tiltak som fører til forenklingar for næringslivet.

Regjeringa la i mai fram ein ny maritim strategi. Målet er berekraftig vekst og verdiskaping for den maritime næringa. I strategien blir det m.a. føreslått viktige forbetringar i dei to norske skipsregistra NOR og NIS som skal gjere det meir attraktivt å segle under norsk flagg. Strategien skal bidra til å stimulere til grøn vekst for norsk maritim næring og til auka bruk av energieffektive løysingar og meir miljøvennleg drivstoff i skip.

Regjeringa har som mål å effektivisere plan- og byggesaksprosessen. Forenklingar i byggesaksdelen av plan- og bygningslova tredde i kraft 1. januar 2015.

Regjeringa vil gjere kvardagen enklare for folk flest. Statlege verksemder har meldt inn over 1 300 tidstjuvar som departementa no arbeider med å redusere eller fjerne.

Befolkninga i Noreg heldt fram å vekse i 2014, men i eit lågare tempo enn åra før. Avdempinga må vi sjå i samanheng med lågare nettoinnvandring. I 2014 auka befolkninga med om lag 57 000 personar, og om lag to tredelar av denne veksten kom av nettoinnvandring.

Statens pensjonsfond – Statens pensjonsfond utland og Statens pensjonsfond Noreg – hadde ein samla marknads-

verdi ved utgangen av første halvår 2015 på 7 093 mrd. kr. Resultata gjennom fjoråret og så langt i 2015 speglar ei god utvikling i aksje- og obligasjonsmarknadene i verda i store delar av denne perioden, og ei svakare krone. Vi må vere førebudde på at verdien av fondet kan svinge mykje i åra som kjem.

Ei brei forankring av forvaltninga av Statens pensjonsfond er viktig for at vi skal evne å stå fast ved den langsiktige strategien, særleg når det er uro i marknadene. Ei langsiktig og god forvaltning er ein føresetnad for at inntektene frå petroleumsressursane skal kome både dagens og framtidige generasjonar til gode. Behandlinga i Stortinget av meldinga om forvaltninga av Statens pensjonsfond i 2014 viser at det er brei politisk semje om den overordna strategien for forvaltninga av dei felles sparemidlane våre.

Verdsøkonomien har langt på veg henta seg inn sidan finanskrisa i 2008 og 2009, men oppgangen har vore ujamnt fordelt. I fleire land i Europa er arbeidsløysa framleis langt høgare enn før krisa.

Målt som del av trend-BNP for Fastlands-Noreg aukar det strukturelle oljekorrigerte underskotet med om lag ½ prosentening frå 2014 til 2015, noko som inneber ei raskare innfasing av fondsmidlane enn det som har vore gjennomsnittet sidan 2001.

Den gjennomsnittlege lønnsveksten frå 2013 til 2014 var på 3,1 pst. Lønnsoppgjeret i 2015 var eit mellomoppgjer. Det var få konfliktar. Resultata i oppgjeret peikar i retning av lågare lønnsvekst i år enn i fjor.

Konsumprisane var 2,1 pst. høgare i januar–juli i år enn i same periode i fjor.

Overskotet på driftsbalansen overfor utlandet var på 297 mrd. kr i 2014. Det er 11 mrd. kr mindre enn året før.

Dei aller fleste har gode og forsvarlege arbeidsforhold i Noreg, men stadige brot på m.a. arbeidsmiljøregelverket er eit aukande problem i enkelte delar av norsk arbeidsliv. Regjeringa vil nedkjempe useriøsitet i norsk arbeidsliv og styrkjer innsatsen mot arbeidslivskriminalitet gjennom arbeidet med tiltaka i strategien mot arbeidslivskriminalitet som vart lagd fram i januar 2015.

Regjeringa har fremma forslag om enkelte tilpassingar i arbeidsmiljølova, m.a. med ulike forslag som gjeld arbeidstid, aldersgrenser, mellombels tilsetjing, inn- og utleige frå bemanningsbyrå, kollektiv søksmålsrett og straffereglane i arbeidsmiljølova. Endringane er vedtekne av Stortinget og tredde i kraft 1. juli 2015.

Regjeringa har sett ned eit ekspertutval som vurderer dei samla arbeidstidsreguleringane og praktiseringa av dei. Utvalet skal leggje fram utgreiinga si innan utgangen av 2015.

Regjeringa sette i mars 2014 ned ei ekspertgruppe som skulle ta ein heilskapleg gjennomgang av Nav. Ekspertgruppa la fram sluttrapporten i april 2015. Sluttrapporten har vore på høyring med frist i september 2015. Oppfølginga av ekspertgruppa blir eit sentralt tema i ei stortingsmelding som regjeringa vil leggje fram våren 2016.

Regjeringa har fremma Prop. 115 L for 2014–2015, Endringer i folketrygdloven mv. (stønader til enslig mor eller far og tilleggsstønader til tiltaksdeltakere). Stortinget

vedtok 18. juni 2015 lovforslaga som forenkler regelverket og gjer føresegnene lettare tilgjengeleg for brukarane. Endringane skal også stimulere stønadmottakarane til å gå over i arbeid.

I 2014 utgjorde sjukefråværet 6,4 pst. av alle avtalte dagsverk. Fråværet har halde seg relativt stabilt sidan 2012, og nivået er eit av dei lågaste etter at IA-avtalen vart inngått i 2001. Eitt av måla i IA-avtalen er å redusere sjukefråværet med 20 pst. frå nivået i 2001. Den siste tilgjengelege statistikken viser ein sesongjustert nedgang på 11,5 pst.

I den sentrale behandlinga av plansaker har regjeringa lagt auka vekt på lokaldemokratiet og godkjent planane til kommunane i større grad enn tidlegare. Regjeringa legg også til rette for auka bruk av IKT i plan- og byggesaksbehandling.

Regjeringa har vedteke nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dei skal gjere planlegginga meir føreseieleg og målretta. Regjeringa har også vedteke nye statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, noko som skal bidra til kompakt og klimavennleg byutvikling og meir effektive planprosessar.

Regjeringa gjennomfører i 2015 eit pilotarbeid med meir nøyaktige terreng- og høgdedata i fem utvalde område. Arbeidet dannar eit viktig grunnlag for klimatilpassingsarbeidet og gir betre kunnskapsgrunnlag for sikker bustadbygging og for betre flysikkerheit.

Det er sett i gang ei rekkje tiltak gjennom «Program for betre styring og leing i staten». Tiltaka skal bidra til større gjennomføringskraft og resultatorientering i forvaltninga. Det er vedteke ein ny leiarplakat som gjer det tydeleg kva for krav som skal stillast til statlege leiarar. Utgreiingsinstruksen vil bli revidert, og det er sett i gang eit arbeid med å opprette eit digitaliseringsråd for å bidra til betre gjennomføring av IKT-investeringar.

Regjeringa har fått tilslutning frå Stortinget til å innføre ei ferjeavløysingsordning for fylkesvegferjer frå 2016. I tråd med stortingsvedtaket blir det lagt opp til at ordninga skal vare i 40 år. Ordninga vil gi incentiv til at fleire bru- og tunnelprosjekt kan realiserast.

Over halvparten av kommunane i landet deltek i andre fase av utviklingsprogrammet for byregionar. Byar og regionsenter med omland skal utvikle strategiar og tiltak som kan betre den økonomiske utviklinga i regionen.

Regjeringa har fremma Prop. 44 L for 2014–2015, Lov om informasjonsplikt, karantene og saksforbud for politikere, embetsmenn og tjenestemenn. Stortinget vedtok lovforslaget 5. mai 2015. Lova kan bidra til å halde ved like den allmenne tilliten til statsforvaltninga og det politiske systemet ved overgang til ei anna stilling i eller utanfor statsforvaltninga.

Stortinget vedtok i juni nye reglar om kontroll av opplysningar i bustøttesaker. Reglane tredde i kraft 1. juli 2015. Reglane gjer det enklare å forhindre og avdekkje feilutbetalingar og misbruk av bustøtteordninga.

Proessen med å etablere eit eige valdirektorat er no i gang. Valdirektoratet vil bli formelt etablert frå 1. januar 2016. Verksemda blir samlokalisert med Direktoratet for

samfunnssikkerheit og beredskap i Tønsberg, og det er inngått eit samarbeid for å sikre effektiv ressursutnytting.

Regjeringa arbeider for å gjere det vanskelegare for usei-riøse føretak å operere i bygge- og anleggsnæringa. I juni vedtok Stortinget endringar i plan- og bygningslova. Formålet med endringane er å styrkje sentral godkjenning som verkemiddel for kvalitet i byggetiltak. Regjeringa utarbeider no forslag til forskrifter til endringane.

Regjeringa prioriterer arbeidet med å fornye, forenkle og forbetre offentleg sektor.

Noreg bidreg aktivt til å styrkje NATOs forsvarsevne og politiske slagkraft. Sivile og militære bidrag til FN- og EU-leidde operasjonar er viktige element i Noregs innsats for nasjonal, regional og global sikkerheit.

Noreg har stilt seg solidarisk med allierte i NATO og partnarar i EU i reaksjonen på Russlands framferd, har bidrege til NATOs sikkerheitstiltak i austlege medlemsland og gjennomført EUs restriktive tiltak mot Russland i norsk regelverk.

Situasjonen i Irak er krevjande. Det er avgjerande at regjeringa i Bagdad fører ein inkluderande politikk og bygger eit felles nasjonalt prosjekt for å stabilisere landet. Noreg har sendt militært personell som skal drive kapasitetsbygging av det irakiske forsvaret i kampen mot ISIL.

For å bidra til at dei palestinske sjølvstyremyndigheitene skal få moglegheit til å utvikle betre styresett, og for at den palestinske økonomien skal få utvikle seg, har vi vidareført engasjementet som leiar for givarlandsgruppa for Palestina.

Eit ustabilt Midtausten truar global stabilitet. Terrorangrepa i Europa det siste året er påminningar om at konflikta i Midtausten utgjør ein trussel også mot vår eiga sikkerheit. Regjeringa har lagt fram ei melding til Stortinget om globale sikkerheitstruslar: terrorisme, organisert kriminalitet, sjørøveri og digitale truslar.

Den snart toårige politiske krisa i Sør-Sudan kan no vere løyst dersom partane i konflikten rettar seg etter fredsavtalen som vart underteikna i slutten av august i år. Den humanitære krisa er framleis alvorleg trass i store bidrag frå Noreg og det internasjonale samfunnet. Noreg vil også framover vere aktivt med i arbeidet for å sikre fred, i nært samarbeid med USA og Storbritannia i den såkalla Troikaen. Noreg deltek også i FN-operasjonen i Sør-Sudan med 37 personar fordelt på militære offiserar og sivilt politi.

Regjeringa er bekymra for det auka presset internasjonalt på grunnleggjande menneskerettar som ytringsfridom og forsamlingsfridom. Respekt for menneskerettane er eit utanrikspolitisk mål, men også eit middel for å oppnå varig utvikling og sikkerheit i verda. Derfor trappar vi opp innsatsen for å fremme og beskytte menneskerettane.

Situasjonen i Syria er vanskeleg. Dei humanitære behova er enorme. Derfor er Syria blant dei høgast prioriterte landa for norsk humanitær bistand, og vi gjer ein ekstraordinær innsats for å hjelpe befolkninga i Syria og nabolanda. Dei humanitære behova i verda har auka kraftig dei siste åra. 60 millionar menneske er i dag på flukt.

Dei mange drukningsulykkene i Middelhavet viser tydeleg den desperate situasjonen flyktingane er i. EU har

sett i verk eit breitt spekter av tiltak. Noreg har vore med på å styrkje Frontex-operasjonen. EØS- og Schengen-samarbeidet gjer Middelhavet til Noregs nærrområde. Flukta og migrasjonen vi no opplever, vedkjem sentrale norske interesser utover det europeiske samarbeidet.

EØS-finansieringsordningane har bidrege til sosial og økonomisk utjamning i Europa på sentrale område som klima og miljø, grøn energi, forskning og utdanning, likeins på migrasjons- og justisfeltet og gjennom støtte til sivil samfunn og minoritetar.

Den bilaterale kontakten og samarbeidet er styrkt mellom Noreg og dei 16 landa som får norsk støtte gjennom EØS-finansieringsordningane. 21 norske institusjonar har bidrege til kompetanseoverføring, godt styresett og auka transparens.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om næringsutvikling innanfor utviklingssamarbeidet. Norsk bistand skal leggje til rette for private investeringar, jobbskaping og fattigdomsreduksjon i utviklingsland.

Regjeringa gjennomfører ein forsiktig geografisk konsentrasjon av bistanden. Det er valt ut 12 fokusland som blir særleg prioriterte i utviklingssamarbeidet.

Regjeringa satsar stort på å sikre barn og unge utdanning i krise og konflikt. I 2015 går 8 pst. av det humanitære budsjettet – over 250 mill. kr – til formålet. I mai i år arrangerte Noreg eit internasjonalt møte om vern av skular og universitet i væpna konflikt. 50 land har alt slutta seg til ei forpliktande erklæring. Utdanning er ei hovudprioritering i utviklingspolitikken, og innsatsen blir trappa opp.

Statsminister Erna Solberg har saman med Rwandas president leidd FN's generalsekretærs pådrivargruppe for å nå FN's tusenårs mål. Det er oppnådd stor framgang på verdsbasis, men framgangen har vore ujamn mellom regionar. Statsministeren har særleg lagt vekt på utdanning for jenter og innovasjon i utviklingsarbeidet.

Noreg har delteke aktivt i arbeidet som har resultert i at FN's medlemsland vart einige om nye mål for berekraftig utvikling og fattigdomsutrydding for dei neste 15 åra. Innsatsen for å nå berekraftsmåla må no finansierast. Noreg leidde førebuingane fram til konferansen om finansiering for utvikling i Addis Abeba i juli i år. Sluttdokumentet frå konferansen stakar ut kursen for ei berekraftig nedkjemping av ekstrem fattigdom innan 2030.

Vi har intensivert innsatsen dette året for å fremme ein ambisiøs og effektiv klimaavtale i Paris. Regjeringa har auka satsinga på klimafinansiering, særleg gjennom Det grøne klimafondet.

Utanrikspolitikken og innanrikspolitikken er vovne tett saman i nord. Regjeringa fører vidare nordområdesatsinga med vekt på internasjonalt samarbeid, kunnskap, næringsutvikling, infrastruktur og miljøvern, sikkerheit og beredskap.

Regjeringa legg vekt på samarbeidet i internasjonale forum som Arktisk råd, Barentsrådet og Den nordlege dimensjonen. At rådet for næringslivet i Arktis, Arctic Economic Council, no er opna, er viktig for ei betre integrering av perspektiva til næringslivet i Arktisk råds arbeid.

Regjeringa har sett i gang prosjektering av eit nytt

byggjetrinn for Framsenteret og opprettar eit nytt såkornfond for Nord-Noreg.

For første gong har ei norsk regjering lagt fram ei melding til Stortinget om norske interesser og norsk politikk i Antarktis og ei eiga melding om Bouvetøya og norske interesser der. At Noreg er kjend som ein ansvarleg og kunnskapsbasert aktør i Antarktis, styrkjer vår rolle som polarnasjon.

Norsk handelspolitikk er primært eit verkemiddel for verdiskaping og sysselsetjing i Noreg. Samtidig kan internasjonal handel bidra til fredeleg samarbeid mellom land og berekraftig utvikling for alle.

Verdshandelsorganisasjonen, WTO, supplert av EØS og EFTAs frihandelsavtalar, utgjer beryggen i norsk handelspolitikk. Vi arbeider for friare handel og fører ein offensiv handelspolitikk som legg vekt på Noregs interesser. Vi vil bidra til å sikre like og rettferdige spelereglar i dagens opne, globale økonomi.

Regjeringa har styrkt arbeidet med å fremme Noregs økonomiske interesser. Vi har lagt fram ei stortingsmelding om globalisering og handel. Bevaring og styrking av det multilaterale handelssystemet er Noregs primære handelspolitiske interesse. Det er ei kjerneoppgåve for utanrikstenesta å vere ein relevant dialogpartner for næringslivet og Noregs fremste kunnskapsmiljø. Utviklingspolitikken skal vere strategisk innretta, slik at bistanden kan utløyse andre og større offentlege og private kapitalstraumar som fremmar utvikling. Regjeringa styrkjer innsatsen for å betre rammevilkår, kompetanseoverføring og etablere nye ordningar for samarbeid med næringslivet.

Regjeringa prioriterer utbygging og innføring av landsdekkjande nødnett innan utgangen av 2015.

Regjeringa la i mai 2015 fram forslag om å utvide verkeområdet for dei strafferettslege særreaksjonane. Personar som er strafferettsleg utilreknelege, og som bryt lova på samfunnsskadeleg eller særleg plagsamt vis fleire gonger, skal etter forslaget kunne dømmast til ein slik reaksjon.

Regjeringa fremma i mars 2015 forslag til nye lovføresetninger om forlenging av festeforhold for å vareta rettsvernet til grunneigarane, etter at Den europeiske menneskerettsdomstolen i 2012 underkjende gjeldande føresetninger. Stortinget vedtok nye føresetninger i juni 2015.

Gode norskkunnskapar er i dei fleste tilfelle ein føresetnad for å få jobb. Regjeringa vil derfor styrkje språkkoppleringa for personar med minoritetsbakgrunn. Regjeringa vil også gi fleire kvinner moglegheiter til å delta i arbeidslivet. Regjeringa har derfor fremma Prop. 130 L for 2014–2015, Endringer i introduksjonsloven (tiltak for økt gjennomføring av plikt til opplæring og kvalifisering).

For å sikre at dei som blir norske borgarar, meistar eit minimum av norsk og har grunnleggjande kjennskap til plikter og rettar i det norske samfunnet, har regjeringa fremma Prop. 144 L for 2014–2015, Endringer i statsborgerloven (krav om norskkunnskaper og bestått prøve i samfunnskunnskap).

For å sikre barna samvær med begge foreldra og dempe foreldrekonfliktar som rammar barna, har regjeringa sendt forslag til endringar i barnelova på høyring. Forslaga tek sikte på å likestille foreldra som omsorgspersonar og har

som formål å sikre det som er best for barnet ved at fleire foreldre får foreldreansvar, styrkje barns samvær med begge foreldra og hindre samværs sabotasje.

Global mobilitet fører til at stadig fleire barn i Noreg har tilknytning til andre land. Haagkonvensjonen 1996 gjeld foreldreansvar og vernetiltak for barn og legg til rette for auka samarbeid på tvers av landegrensar for å vareta barn på best mogleg måte. Stortinget vedtok 15. juni 2015 forslaget frå regjeringa i Prop. 102 LS for 2014–2015 om samtykke til ratifikasjon av konvensjonen. Konvensjonen gir Noreg betre høve til å førebyggje og løyse internasjonale foreldretvistar, barnevernssaker og barne bortføringsaker.

Regjeringa oppnemnde i mai 2015 eit utval som skal vurdere om ein skal opprette særdomstolar for saker om barn og familie. Utgreinga skal m.a. omfatte fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker og domstolsbehandlingen av saker etter barnelova og barnevernsløva. Det skal vurderast om det bør opprettast egne nye organ, eller om dagens system bør beholdast.

For å styrkje forbrukarvernet vart meklingsstilbodet frå Forbrukarrådet til forbrukarane frå 1. juli 2015 utvida til å omfatte fleire typar tenester. Meklingsansvaret for tenestene er lagt til regionkontoret for Forbrukarrådet i Tromsø.

Norsk oljeproduksjon har frå 2001 og fram til 2014 vorte gradvis redusert. I 2014 auka derimot oljeproduksjonen med om lag 59 000 fat per dag til om lag 1,9 millionar fat. Gassproduksjonen utgjorde 109 mrd. Sm³ i 2014, dvs. meir enn ei dobling sidan 2001.

Petroleumsrelatert leverandørindustri er Noregs nest største næring målt i omsetning. Industrien omsette for 524 mrd. kr i 2013, og av dette vart det omsett for 206 mrd. kr internasjonalt.

Investeringane på norsk sokkel for 2015 blir lågare enn dei siste åra. Oljeselskapa har saman med leverandørb driftene respondert med å setje i gang kostnadsreducerande tiltak. Historisk sett vil investeringane framleis vere på eit høgt nivå framover.

Regjeringa legg vekt på å gi oljeselskapa føreseielege forhold, fleire blokker å leite i og moglegheit for raskare utvikling og utbygging av funn på norsk sokkel. I TFO 2014 vart det i starten av 2015 tildelt 54 nye utvinningsløyve til 43 selskap. Regjeringa lyste ut 23. konsesjonsrunde i januar 2015. Runden omfattar 57 blokker, og for første gong sidan 1994 skal eit heilt nytt område på norsk kontinentalsokkel utforskast. Dette vil gi unike moglegheiter for verdiskaping, vekst og arbeidsplassar både i Nord-Noreg og i resten av landet.

Olje- og energidepartementet har i løpet av 2014 følgd opp selskapa sitt arbeid med pågåande og framtidige feltutbyggingar. Regjeringa har fremma Prop. 114 S for 2014–2015, Norges største industriprosjekt – utbygging og drift av Johan Sverdrup-feltet med status for olje- og gassvirksomheten. Departementet godkjende i august 2015 planane for første byggjetrinn på feltet. Utbygginga av Johan Sverdrup-feltet er eit av dei største industriprosjekta i Noreg på fleire tiår. Utbygginga kjem til å ha mykje å seie for sysselsetjing og aktivitet på sokkelen og hos mange leverandørar på fastlandet framover. Investeringane knytte

til det første byggjetrinn på feltet er på 117 mrd. kr. Prosjektet gir moglegheiter for mange leverandørar i ei næring med ledige ressursar. Dei samla inntektene frå Johan Sverdrup er anslått til 1 350 mrd. kr over 50 år. Prosjektet vil sikre verdiskaping og bidra til å finansiere velferda i Noreg i fleire tiår framover.

Samla elektrisitetsproduksjon var på om lag 142 TWh i 2014. Dette er ein auke av produksjonen på 8 TWh frå 2013. Mildt vêr bidrog til at det norske forbruket var noko lågare enn normalt. Nettoeksport av kraft vart dermed høg og enda på 15,7 TWh.

Den felles norsk-svenske elsertifikatmarknaden skal bidra til å auke produksjonen av fornybar kraft i Noreg og Sverige. I løpet av 2014 vart det bygd 4,1 TWh under ordninga. For å sikre at målsetjingane blir nådde, vart elsertifikatordninga justert våren 2015.

I 2014 vart det gitt konsesjon til vasskraft- og vindkraftprosjekt som kan gi ein samla årleg produksjon på 2,6 TWh. I 2014 og våren 2015 vart det gitt konsesjon til omfattande utbygging og oppgradering av sentralnettet for å styrkje forsyningssikkerheita og for å leggje til rette for meir fornybarutbygging. Det vart også gitt konsesjon til to nye utanlandssamband, eitt til Tyskland og eitt til Storbritannia.

Regjeringa har lagt til rette for ei meir heilskapleg og koordinert satsing på miljøvennleg transport gjennom ei utviding av Enovas mandat frå 2015. Enova inngjekk nye avtalar om fornybar energiproduksjon, energieffektivisering og konvertering og utvikling av ny energi- og klimateknologi på om lag 1,7 TWh i 2014. Avtalane bidrog til klimaresultat tilsvarende 106 000 tonn CO₂-ekvivalantar, av dei 87 000 tonn utanfor kvotepliktig sektor. Satsinga bidreg til at norsk industri med si kraftintensive verksemd kan få styrkt konkurranseevne og kan vere ein del av løysinga på klimaproblemet.

I oktober 2014 førte mykje nedbør over kort tid til flaum og betydelege skadar mange stader på Vestlandet. I desember 2014 vart det løyvd 24 mill. kr til oppstart av oppryddingsarbeida i dei flaumramma områda. Våren 2015 vedtok Stortinget forslaget frå regjeringa om å løyve ytterlegare 112 mill. kr til nødvendig opprydding og sikring for å gjere dei ramma områda tryggare. Regjeringa har også sørgt for å auke dei generelle løyvingane til flaum- og skredførebygging. For 2015 er det løyvd i overkant av 274 mill. kr til flaum- og skredførebyggjande tiltak over budsjettet til NVE. Uansett tiltak vil naturkreftene utgjere ein risiko i utsette område. Det mest effektive tiltaket for samfunnet for å unngå flaum- og skredskadar er god arealplanlegging i kommunane, slik at ein unngår utbygging i fareområde.

Regjeringa har lagt fram ein strategi for arbeidet med CO₂-handtering. I tråd med strategien er testaktiviteten ved Teknologisenteret på Mongstad vidareført. Det er vidare gjennomført idéstudiar og sett i verk moglegheitsstudium for å kartleggje moglegheitene for å gjennomføre CO₂-fangst og -lagring av norske utslepp.

Verdien av statens direkte eigarskap på Oslo Børs var 542,9 mrd. kr ved utgangen av 2014. Samtidig var verdien av statens del av den bokførte verdien av dei uno-

terte selskapa der staten har forretningsmessige mål med eigarskapet, 118 mrd. kr. Dette gir eit samla anslag for statens verdier på 660,9 mrd. kr for dei til saman 26 selskapa der staten har forretningsmessige mål med eigarskapet. For rekneskapsåret 2014 tek staten imot 35,5 mrd. kr i utbytte frå selskapa staten eig. Dette er 5,5 mrd. kr meir enn for 2013.

Regjeringa vil leggje til rette for at vi også i framtida skal vere ein leiande sjøfartsnasjon med ein stor norsk flåte, og vil satse på utvikling av grøn norsk skipsfart. Den maritime næringa gir arbeid til over 100 000 menneske og skaper verdier for nesten 175 mrd. kr i året. Nokre av tiltaka i regjeringas maritime strategi er at det blir opna delvis for at NIS-skip kan operere mellom norske hamner/norsk sokkel, og at tilskotsordninga på NOR-skip og NIS-skip blir forbetra. Vidare legg regjeringa opp til å forhandle om ein ny NO_x-avtale for vidare fritak for NO_x-avgift etter 2017 for å kunne utløyse endå fleire utsløppsreducerande tiltak. Det vil bli stilt krav til lågutslepps- og nullutslepps-teknologi i riksvegferjeambod når teknologien tilseier det. Det skal vurderast nærmare på kva måte ein kan sørge for at tilsvarende teknologiar blir fasa inn i fylkeskommunal ferjedrift.

Over 60 pst. av den norske sjømateksporten går til EU. Sjømatnæringa skaper omkring 48 800 arbeidsplassar i Noreg, inkludert ringverknader.

Torskebestanden i Barentshavet er på eit høgt nivå. Eit langvarig samarbeid mellom kyststatane Noreg og Russland i fiskeriforvaltninga og i kampen mot ulovleg fiske, og gode klimatiske forhold er bakgrunnen for at vi har den største torskebestanden i verda. Andre bestandar er òg godt forvalta, og kvotane er høge. Kampen mot fiskerikriminalitet og ulovleg, urapportert og uregulert fiske er høgt prioritert av regjeringa, og ei rekkje tiltak er gjennomførte nasjonalt, regionalt og globalt.

Regjeringa tok i desember 2014 imot NOU 2014: 16 Sjømatindustrien – Utredning av sjømatindustriens rammevilkår. Regjeringa har også oppnemnt eit ekspertutval som skal gå gjennom alle kvoteordningane i fiskeria.

Regjeringa fremma i mars Meld. St. 16 for 2014–2015, Forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett med forslag om eit langsiktig system for justering av produksjonskapasiteten i lakseoppdrettsnæringa. Stortinget slutta seg til hovudprinsippa i meldinga. Regjeringa fremma også Meld. St. 17 for 2014–2015, Evaluering av forvaltningen av kongekrabbe, som m.a. går gjennom erfaringane med det todelte forvaltningsregimet vi har hatt sidan 2008. Stortinget slutta seg til meldinga. I april la regjeringa fram Prop. 88 L for 2014–2015, Endringer i deltakerloven (tildeling av spesiell tillatelse og adgang til å delta i fiske). Stortinget har slutta seg til lovforslaget frå regjeringa, og endringane i deltakarlova kjem i betydeleg grad til å forenkle søknadsprosessen når ein skal tildele fiskeløyve.

Gjennom året har regjeringa gjennomført tiltak for å styrkje tilgangen på kapital til bedrifter i tidleg fase. Styrkinga av Forny2020, styrkinga av etablerartilskotsordninga, eit nytt preså Kornfond og nye såkornfond bidreg til at fleire vekstbedrifter blir etablerte, og at fleire gode idear

kan kommersialiserast. Ordningane for FoU-kontraktar i Innovasjon Noreg bidreg også til at forskingsresultat blir kommersialiserte.

Regjeringa har etablert eit nytt klyngjenivå for dei mest globalt orienterte næringsmiljøa i Noreg. Til no er GCE Blue Maritime i Ålesund, GCE Node på Sørlandet og GCE Subsea i Bergen utnemnde. I tillegg er nokre nye miljøtildelte status som Norwegian Centres of Expertise.

Regjeringa har styrkt miljøteknologiordninga i Innovasjon Noreg, slik at ho kan gi store bidrag til at grøne løysingar blir testa ut gjennom pilotar og demonstrasjonsanlegg som bidreg til kommersialisering og utbreiing.

Innovasjon Noreg blir vidareutvikla som organisasjon, og forslag til endringar i lov er lagde fram for Stortinget. Dei landsdekkjande ordningane som blir forvalta av Innovasjon Noreg, har vore prioriterte i budsjetta. Regjeringa har sett i gang ei omfattande kartlegging av innovasjonseffekten av verkemidla for å kunne satse på dei verkemidla som har høgast effekt.

Kunnskapsinnhentinga i fiskeri- og havbruksnæringa har vorte styrkt. Regjeringa har lagt fram ein masterplan for marin forskning. Prioriteringane i marin masterplan er tydeleggjorde.

Regjeringa har inngått ein styrkt samarbeidsavtale med ideell sektor om leveransar av helse- og sosialtenester. Avtalen er utvida til å omfatte kommunal sektor, som er ein viktig kjøpar av tenestene dei ideelle aktørane tilbyr. Avtalen anerkjenner at ideell sektor er ein viktig samarbeidspartnar for offentleg sektor i produksjonen av helse- og sosialtenester.

Arbeidet med å restrukturere reisemålselskapa i Noreg held fram. Nærings- og fiskeridepartementet vidarefører den nære dialogen med sentrale aktørar rundt om i landet og held ved like insentivordninga for framleis å stimulere til endringar næringa ønskjer.

Antibiotikaresistens er eit raskt veksande problem i verda og utgjer ein trussel mot global helse. Regjeringa har utarbeidd ein nasjonal strategi mot antibiotikaresistens 2015–2020. Strategien gir regjeringa sine mål for arbeidet dei neste åra og tiltaksområde for å oppnå dei.

Regjeringa arbeider med ein bioøkonomistrategi som eit ledd i omstilling i næringslivet og som ein del av det grøne skiftet. Norsk institutt for bioøkonomi, som vart etablert 1. juli 2015, skal bidra med kunnskap i ei slik omstilling.

Regjeringa ønskjer å leggje til rette for auka verdiskaping på små og store gardsbruk over heile landet. Vi vil stimulere til mangfald og gründerskap ved å ta i bruk alle ressursane på garden, og la derfor i juni fram Meld. St. 31 for 2014–2015, Garden som ressurs – marknaden som mål – Vekst og gründerskap innan landbruksbaserte næringar.

Det er viktig at norsk næringsliv er førebudd på ei lågutsleppsframtid. Regjeringa har m.a. sett ned eit ekspertutval som skal bidra i arbeidet med å utarbeide ein strategi for grøn konkurransekraft.

Regjeringa la i revidert nasjonalbudsjett fram ein heilskapleg gjennomgang av køyretøyavgiftene. Avgiftene skal bidra til å forsterke klima- og miljømåla frå klima-

forliket og til å nå Noregs klimamål for 2030. Talet på el-bilar passerte 50 000 i april. Regjeringa legg likevel opp til å vidareføre avgiftsfordelane for nullutslepps-bilar ut 2017. Regjeringa har auka omsetningskravet for biodrivstoff til 5,5 pst. frå 1. oktober 2015.

Luftkvaliteten i norske byar og tettstader har generelt betra seg dei siste åra når det gjeld svevestøv. Når det gjeld nitrogendioksid, NO₂, er status og framskrivingar varierende. I norske byar er det framleis overskridingar av både grenseverdiar og nasjonale mål. EFTAs overvaksingsorgan, ESA, har opna formell sak mot Noreg for manglande oppfylting av EUs luftkvalitetsdirektiv. Regjeringa har bestemt at det skal sendast eit forslag på høyring om å skjerpe grenseverdiene for svevestøv frå 2016. I tillegg har Stortinget bedt regjeringa leggje fram ei sak med tiltak for å redusere luftforureining.

Regjeringa si satsing for bevaring av regnskog vart auka i 2015, og samarbeidet med andre land er styrkt. Særleg har felles innsats med Tyskland i Amazonas-regionen begynt å gi resultat. Regjeringa har samarbeidd tett med privat sektor om å få til avskogingsfri produksjon av råvarer. Ein stor del av palmeoljeproducentane i verda har no forplikta seg til avskogingsfri produksjon av palmeolje.

Motorferdselslova er endra slik at kommunane kan fastsetje snøscooterløyper for fornøyleskøyering innanfor klare nasjonale rammer som sikrar omsynet til naturmangfald og friluftsliv.

Framande artar er ein av dei største truslane mot naturmangfaldet, både globalt og i Noreg. Regjeringa har vedteke ei ny forskrift som skal bidra til å hindre at framande organismar gjer skade på norsk natur. Vidare har regjeringa vedteke fem nye prioriterte artar og ein ny utvald naturtype, men avprioritert underarten av svarthalespove som lever på Jæren.

Regjeringa har gjennom Friluftslivets år 2015 bidrege til å auke deltakinga i friluftsliv og har verna 53 nye skogområde som naturreservat.

Regjeringa har sett i verk seks forsøksprosjekt for å prøve ut enkelte nye verkemiddel med tanke på å effektivisere lisensfellinga av jerv. For å dempe konfliktnivået har regjeringa vedteke ei ny forskrift om tilskot til omlegging til anna drift i landbruket i rovviltutsette område.

Aktiviteten innanfor vegbygging og vedlikehald er høg. Vedlikehaldsetterslepet blir i 2015 redusert for første gong på fleire tiår. Fleire anlegg er opna for trafikk, og ei rekkje prosjekt er starta opp.

Areal- og transportpolitikk er viktig for å nå miljømåla. Det er innført ordningar med bymiljøavtalar og byutviklingsavtalar for dei største byområda, og staten vil finansiere 50 pst. av store fylkeskommunale kollektivprosjekt i dei fire største byane.

I 2014 mista 147 personar livet i trafikkulykker. Dette er 40 færre enn i 2013. Nedgangen er gledeleg. Men kvart tapt liv i trafikken er eitt for mykje. Regjeringa vil derfor føre vidare arbeidet med å betre trafikksikkerheita.

Løyvingane til jernbaneformål har auka dei siste åra. Dette har medverka til gode resultat i form av meir punktlege tog og auka persontrafikk. Det nye ruteopplegget for austlandsområdet frå desember 2014 har gitt eit meir at-

traktivt togtilbod til dei aller fleste passasjerane. Våren 2015 oppnådde både Jernbaneverket og NSB dei beste resultatata for kundetilfredsheit sidan målingane begynte. Også Flytoget kan vise til svært gode resultat på sine målingar over kundetilfredsheit.

Over 1 000 tog i døgnet går no over Oslo S. I 2014 var det 70,3 millionar passasjerar på jernbanen i Noreg. Dei siste fem åra har passasjerveksten vore på over 20 pst. I same periode har transportmengda på jernbanen auka med 45 pst., hovudsakleg som følge av auka malmtransport på Ofotbanen.

Ei rekkje tiltak for å auke transportkapasiteten i jernbanenettet og forbetre kvaliteten i togtilbodet er i gang. For første gong på mange år aukar ikkje vedlikehaldsetterslepet i jernbaneinfrastrukturen.

Regjeringa la i januar 2015 fram Nasjonal havnestrategi. Målet er å få ein meir effektiv og konkurransedyktig nærskipsfart, slik at meir gods blir flytt frå veg til kjøll.

For å få ei meir effektiv losteneste er denne tenesta omorganisert frå 1. januar 2015 og er no ei eiga driftseining i Kystverket. Vidare blir det gjennomført ein anbodskonkurranse for tilbringartenesta.

Regjeringa har gjennomført fleire tiltak for å betre sikkerheita og for å gjere ekomnetta meir robuste mot angrep, uvêr og uhell.

Det er vedteke ei ny og moderne postlov som skal tre i kraft 1. januar 2016. Lova legg til rette for gode posttenester for folk og næringsliv i heile landet. Vidare er det vedteke eit nytt regelverk for parkeringsbransjen.

Endringar i privatskulelova gir rom for eit større mangfald av friskular.

Regjeringa har vedteke å etablere femårig lærarutdanning og har innført skjerpa karakterkrav ved opptak. Målet er å utvikle norsk skule basert på kunnskap om kva som gir best læring, og gjennom velkvalifiserte lærarar.

Regjeringa har i 2015 auka løyvinga til bygging av studentbustader betydeleg. Det er gitt tilsegn om tilskot til 2 200 hybeleiningar i 2015.

Regjeringa følgjer opp langtidspanen for forskning og høgare utdanning i 2015 med auka løyvingar på om lag 800 mill. kr. Satsingane omfattar m.a. verdsleiande fagmiljø, næringsretta forskning og tiltak for god deltaking i Horisont 2020. Regjeringa si satsing på vitskapleg utstyr og laboratorium har bidrege til at Forskningsrådet i juni 2015 kunne tildele rekordhøge 1 300 mill. kr til viktige prosjekt av framstående kvalitet.

Tilbakemelding frå dei regionale helseføretaka for 2014 viser at sjukehusa legg meir vekt på psykisk helsevern og rusbehandling, og at desse områda har fått høgare prioritet.

For å redusere ventetida er dei regionale helseføretaka bedne om å auke bruken av private leverandørar i 2015.

Gode pasientforløp skal hindre unødvendig venting på utgreiing og behandling. Hovudelement i regjeringa si satsing på kreftområdet er tverrfaglege diagnosesenter i alle helseregionar, standardiserte pakkeforløp og betre samarbeid med fastlegane. Regjeringa har supplert den nasjonale kreftstrategien, 2013–2017, med ein plan for arbeidet.

Det er lagt fram ei stortingsmelding om folkehelse, som

gir psykisk helse ein større plass i folkehelsearbeidet, legg til rette for ei ny og meir positiv vinkling på arbeidet med livsstilsendring og legg vekt på kor viktig det er med aktiv aldring.

Regjeringa har lagt fram ein plan for omsorgsfeltet 2015–2020. Nye og forsterka tiltak for å betre kvaliteten, kompetansen og kapasiteten i omsorgssektoren er presenterte i primærhelsemeldinga.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om legemiddelpolitikken. Meldinga rettar søkjelyset mot riktig bruk av legemiddel, men legg òg vekt på forskning, innovasjon og næringsutvikling.

Norsk helsepersonell har bidrege i den internasjonale innsatsen for å nedkjempe ebolautbrotet i Vest-Afrika.

Regjeringa la i juni 2015 fram Meld. St. 38 for 2014–2015, Open og opplyst – Allmennkringkasting og mediemangfald. I meldinga vurderer regjeringa korleis allmennkringkastingssystemet best bør innrettast i ein sektor prega av raske endringar.

Regjeringa har modernisert pliktavleveringslova slik at den digitale kulturarven blir samla inn og teken vare på for ettertida. Stadnamnlova er endra slik at grunneigarar får høve til å fastsetje skrivemåten på eigen eigedom.

Forbodet mot profesjonell boksing er oppheva. I 2015 er det fordelt totalt 2 263 mill. kr i spelemidlar til idrettsformål.

Kulturdepartementet har fastsett nye reglar som gir høve til å opprette fleire private, ikkje vanedannande lotteri som kan styrkje frivilligheita utan at einerettsmodellen blir utfordra.

Kulturdepartementet tok i 2015 imot ei utgreiing om kunstnarøkonomien med forslag til korleis kunstnarpolitikken bør utviklast for å styrkje etterspørselen og bidra til eit breiare økonomisk grunnlag for kunstnarar.

Nybygget for Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design på Vestbanen er no i gjennomføringsfasen. Bygget skal vere ferdig i 2019.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majesteter, Deres Kongelige Høyhet, kjære medrepresentanter!

Hans Majestet tas i dag imot i en parlamentsbygning hvis inngangsparti er skånsomt endret siden sist. I en årrekke har Løvebakken vært et viktig symbol på folkevalgt makt og påvirkning, motstandere og meningsfeller, lobbyister, spesialister og journalister, delegasjoner og organisasjoner, med ulike hensikter og formål. Alle tas imot på Løvebakken før de vises videre inn i bygningen.

Usikre tider til tross – prinsippet er det samme i dag som det var den gangen arkitekt Langlet tegnet ni likeverdige dører rett under stortingssalen. Til landets nasjonalforsamling skal man kunne komme fra alle retninger og posisjoner. Stortinget skal være kjennetegnet ved en åpen dør.

Deres Majesteter, Deres Kongelige Høyhet. – Europa står i dag overfor den største flyktningkrisen siden annen verdenskrig. Den pågående folkemarsjen gjennom Europa er hjerteskjærende og brutal. Det er en akutt situasjon som setter våre felles europeiske verdier på prøve. Anstregel-

sene for å hjelpe vil måtte omfatte hele det norske samfunnet. Mobiliseringen må skje på mange felt. Ikke minst fordrer krisen et godt samspill mellom en ansvarlig nasjonalforsamling og en handlende regjering.

Nestekjærlighet er realpolitikk, mente Fridtjof Nansen, som i sin tid gjorde mer for flyktninger enn noen annen. Den senere tids bilder av lidende barn og voksne, i Midtøstens flyktningleirer og på Europas strender, berører hver og en av oss. Mange har et ønske om å bidra. I et slikt bilde er det viktig at pågående storpolitiske diskusjoner om kvoter og budsjetter ikke gjør at vi mister enkeltmenneskets bidrag av syne. Hvordan vi velger å møte dem som kommer hit, er opp til hver og en av oss. Enten det er i skolegården, i butikken, på arbeidsplassen, eller det er i politikken, handler det om hvordan vi ønsker den fremmede velkommen. Vår holdning er avgjørende for deres bidrag.

Deres Majesteter, Deres Kongelige Høyhet. – Vårt kontinent opplever i dag at verden banker på vår dør. For 70 år siden var det annerledes. Den gangen var over 60 millioner europeere selv på flukt. Det er et tankekors at dagens flyktningkriser utspiller seg samtidig som vi markerer 70-årsdagen for De forente nasjoner. Mer enn noen gang trenger verden et FN som er sterkt og effektivt, og som våger å tenke stort.

For bare syv dager siden vedtok verdens regjeringssjefer FN's nye bærekraftsmål. For første gang enes alle land om felles mål for menneskehetens felles utfordringer. De nye bærekraftsmålene legger listen høyt. Det gjorde også tusenårsmålene for 15 år siden. Køen av kynikere som den gangen avviste målene som urealistiske og overambisjose, var lang. I dag vet vi at mye har blitt bedre. Antallet ekstremt fattige er halvert. Det samme gjelder barnedødeligheten. Flere barn, og spesielt jenter, går på skole nå enn det gjorde ved tusenårsskiftet.

Verdens ledere har akkurat sjøsatt en dristig visjon for bærekraftig utvikling frem mot 2030. Nå skal målene skipes videre fra en global til en nasjonal agenda. Dette vil handle om å forme politikk over tid. Her har vi som parlamentarikere et selvstendig ansvar. Ingen forventer at dette vil bli enkelt. Desto større grunn har vi til å minne hverandre om ordene til en ung jente som ble født samme år som FN. Jeg tenker på 70-årsjubilanten Pippi Langstrømpe. – Det har jeg aldri gjort før, sa hun, så det klarer jeg helt sikkert!

Deres Majesteter, Deres Kongelige Høyhet. – Kommune- og fylkestingsvalgene ligger bak oss. Landets kommunestyresaler fylles i disse dager med representanter med ferskt mandat fra velgerne. Selv er Stortinget halvveis i sin periode. Også vi har en tillit og et mandat å forvalte. Med velgerne i ryggen er det vår jobb å legge grunnlaget for en bredest mulig demokratisk deltakelse der folket føler eierskap til det politiske systemet vi alle er en del av. Det fordrer ikke bare synliggjøring av politiske standpunkter, men også evne til å samle nasjonen om de viktigste oppgavene. Demokratiet er menneskene som fyller det. I et folkevalgt system skal folket og makten være ett. Tillit har brakt oss til dette hus. Som stortingsrepresentanter vet vi også at bare tillit vil kunne bringe vårt folkestyre videre.

Med disse ord, og i forvissning om at alle folkevalgte i denne sal vil gjøre sitt ytterste for å løse de mange og store oppgavene som ligger foran oss, samler vi oss i det gamle ønsket:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette ønsket, og alle de tilstedeværende sang deretter første vers av fedrelandssangen, «Ja, vi elsker».

Hans Majestet Kongen, Hennes Majestet Dronningen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

Presidenten: Presidenten vil foreslå at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for behandling i et senere møte. – Det anses vedtatt.

Møtet hevet kl. 13.44.
